



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 23.11.2016

Sak nr.: 16/8346-3
Internt I.nr. 40197/16

Sak: 116/16

Tittel: Høyring - Vest politidistrikt sin tenestestads- og tenesteeiningsstruktur

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Med tilvising til høyningsbrev med vedlegg frå Vest politidistrikt, dagsett 21.oktober 2016, vil Sogn og Fjordane fylkeskommune gi slik uttale til Vest politidistrikt sitt framlegg til ny tenestestads- og tenesteeiningsstruktur:

A: Generelle merknader:

- 1) Fylkeskommunen gir støtte til effektmåla som Justis- og beredskapsdepartementet har vedteke for nærpoltireforma.
- 2) Fylkeskommunen har i ei tidlegare uttale vore kritisk til prosessen som er lagt for gjennomføring av reformer i politiet, jf. oversending om lokalisering av felleseingning for løn- og rekneskap, dagsett 3.juni 2016. Fylkeskommunen vil gjenta denne merknaden og be om at politiet legg til rette for ein prosess som gjer det enklare å vurdere tiltak i høve til regionale konsekvensar.

B: Merknader til høyningsnotatet:

- 1) Satsingane innanfor endra arbeidsprosessar gjennom bruk av ny teknologi i «Politiarbeid på staden, etterforskingssløftet og felles straffesaksinntak» vil kunne bidra til å nå effektmåla, men slike satsingar kan politimeisteren gjennomføre uavhengig av organiseringa.
- 2) Høyningsnotatet viser ein tenestestads- og tenesteeiningsstruktur som er sentraliserande, men viser ikkje om fordeler og ulemper ved denne er vurdert, om alternative strukturar er vurdert og om andre land har gjort erfaringar ved liknande reformer. Tilnærminga svekker difor presentasjonen og gjer det vanskeleg å vurdere regionale effektar og konsekvensar.
- 3) Forslaget til ny struktur manglar kost/nytteanalyse og ei vurdering av administrative og økonomiske konsekvensar. Det viser ikkje kva ressursar som blir frigjorte og korleis desse alternativt kan nyttast for å nå effektmåla. Dette er ein svakheit ved strukturforslaget.
- 4) Sentralisering vil kunne gje tap av lokalkunnskap og nærleik til publikum som lensmennene har i dag. Dette kan gi dårlagare føresetnader for å løyse det breie samfunnsoppdraget som politiet har, herunder satsing på førebygging som hovudstrategi. Det manglar ein verdibasert diskusjon rundt kva politi vi skal ha i framtida.

- 5) Fylkeskommunen meiner ein må etablere tre geografiske driftseininger i Sogn og Fjordane. Ei løysing med ei driftseining og tre tenesteeininger verkar lite eigna for eit fylke som Sogn og Fjordane og vil kunne gi eit for stort kontrollspenn og dermed ikkje bidra til effektmåla.

Endringsframlegg:

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Ei viktig føring for inndelinga av driftseininger og tenestestader må vere korleis politiet kan få til eit best mogleg samvirke med kommunal kriseleiing og andre lokale beredskapsaktørar. På same måte vil det vere viktig at organiseringa legg til rette for eit effektiv samvirke med Fylkesmannen og andre regionale beredskapsaktørar.

Venstre sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Sogn og Fjordane fylkeskommune forventar at samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland Politidistrikt ikkje vil føre til dårligare verknad av responstidskrava som er vedtekne i Stortinget. Dette gjeld både avstandar mellom tenestestader og responstidskrava ved utrykning.

Venstre sette fram slikt framlegg til endring i punkt B, 5:

Stryk punkt om tal geografiske driftseininger. Erstatte med: Det viktigaste for Sogn og Fjordane fylkeskommune er innhald, evne til rekrytting og ressursar ved dei lokale tenestestadane/tenesteeiningane. Politiet si evne til å drive aktivt politiarbeid i heile fylket må vere førande når det skal takast stilling til talet geografiske driftseininger.

Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Høgre sette fram slikt framlegg til nytt punkt B, 5:

Fylkeskommunen meiner ein må etablere 1 geografisk driftseining i Sogn og Fjordane. 1 geografisk driftseining vil best legge til rette for å ha mest mogeleg komplette spesialistfunksjonar i Sogn og Fjordane.

Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Høgre sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Oppgåver som vil ligge til GDE går fram av høyringsbrevet frå Vest Politidistrikt. I tillegg forventar vi at fleire spesialistoppgåver for heile Vest politidistrikt vert lagt til Sogn og Fjordane som ei geografisk driftseining.

Avrøyting:

Punkta A, 1 og 2, samt punkta B, 1 til og med 4, i fylkesrådmannen si tilråding vart samrøystes vedtekne.

Framlegget frå Senterpartiet og framlegget frå Venstre om nytt punkt om responstid vart samrøystes vedtekne.

Berre Gunhild Berge Stang røysta for framlegget til nytt punkt B, 5 frå Venstre, og framlegget fall.

Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes, Aleksander Øren Heen og Gunhild Berge Stang røysta for punkt B, 5 i tilrådinga frå fylkesrådmannen. Framlegget fall.

Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas, Trude Brosvik og Bjørn Erik Hollevik røysta for Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Høgre sitt framlegg til nytt punkt B, 5. Framlegget vart såleis vedteke.

Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Høgre sitt framlegg om spesialistoppgåver vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Med tilvising til høyringsbrev med vedlegg frå Vest politidistrikt, dagsett 21.oktober 2016, vil Sogn og Fjordane fylkeskommune gi slik uttale til Vest politidistrikt sitt framlegg til ny tenestestads- og tenesteeiningsstruktur:

A: Generelle merknader:

- 1) Fylkeskommunen gir støtte til effektmåla som Justis- og beredskapsdepartementet har vedteke for nærpoltireforma.
- 2) Fylkeskommunen har i ein tidlegare uttale vore kritisk til prosessen som er lagt for gjennomføring av reformer i politiet, jf. oversending om lokalisering av felleseinining for løn- og rekneskap, dagsett 3.juni 2016. Fylkeskommunen vil gjenta denne merknaden og be om at politiet legg til rette for ein prosess som gjer det enklare å vurdere tiltak i høve til regionale konsekvensar.

B: Merknader til høyringsnotatet:

- 1) Satsingane innanfor endra arbeidsprosesser gjennom bruk av ny teknologi i «Politiarbeid på staden, etterforskningsløftet og felles straffesaksinntak» vil kunne bidra til å nå effektmåla, men slike satsingar kan politimeisteren gjennomføre uavhengig av organiseringa.
- 2) Høyringsnotatet viser ein tenestestads- og tenesteeiningsstruktur som er sentraliserande, men viser ikkje om fordeler og ulemper ved denne er vurdert, om alternative strukturar er vurdert og om andre land har gjort erfaringar ved liknande reformer. Tilnærminga svekker difor presentasjonen og gjer det vanskeleg å vurdere regionale effektar og konsekvensar.
- 3) Forslaget til ny struktur manglar kost/nytteanalyse og ei vurdering av administrative og økonomiske konsekvensar. Det viser ikkje kva ressursar som blir frigjorte og korleis desse alternativt kan nyttast for å nå effektmåla. Dette er ein svakheit ved strukturforslaget.
- 4) Sentralisering vil kunne gje tap av lokalkunnskap og nærleik til publikum som lensmennene har i dag. Dette kan gi dårlagare føresetnader for å løyse det breie samfunnsoppdraget som politiet har, herunder satsing på førebygging som hovudstrategi. Det manglar ein verdibasert diskusjon rundt kva politi vi skal ha i framtida.
- 5) Fylkeskommunen meiner ein må etablere éi geografisk driftseinining i Sogn og Fjordane. Éi geografisk driftseinining vil best legge til rette for å ha mest mogeleg komplette spesialistfunksjonar i Sogn og Fjordane.
- 6) Ei viktig føring for inndelinga av driftseininger og tenestestader må vere korleis politiet kan få til eit best mogleg samvirke med kommunal kriseleiing og andre lokale beredskapsaktørar. På same måte er vil det vere viktig at organiseringa legg til rette for eit effektiv samvirke med Fylkesmannen og andre regionale beredskapsaktørar .
- 7) Sogn og Fjordane fylkeskommune forventar at samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland Politidistrikt ikkje vil føre til dårlagare verknad av responsidtskrava som er vedtekne i Stortinget. Dette gjeld både avstandar mellom tenestestader og responsidtskrava ved utrykning.
- 8) Oppgåver som vil ligge til GDE går fram av høyringsbrevet frå Vest Politidistrikt. I tillegg forventar vi at fleire spesialstoppgåver for heile Vest politidistrikt vert lagt til Sogn og Fjordane som ei geografisk driftseinining.